



Hå kommune  
Postboks 24  
4368 Varhaug

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Førehandsvarsel: Kunngjering av søknad om nytt løyve etter forureiningslova til auka produksjonsrammer for Nortura BA avd. Hå i Hå kommune

*Nortura BA avd. Hå (Nortura), bedriftsnummer 973 151 002, har søkt om auka produksjonsrammer på adressa Næringsvegen 25 på Kviamarka i Hå kommune. Då produksjonsrammene blir så store samanlikna med eksisterande rammer, blir søknaden handsama som ein ny søknad og i samsvar med §§ 11 og 16 i "Lov om vern mot forurensninger og om avfall" av 13. mars 1981 nr. 6. Avlaupsvatn skal reinsast internt og blir så ført til reinseanlegget som IVAR IKS driv på Grødalstrand. Nortura søker om eit utslepp som i snitt er på om lag 13 300 personeiningar (p.e.). Nye målingar indikerer at maksimale utslepp kan bli ca. 26 000 p.e. med eit snitt på over 19 000 p.e. Eit nytt løyve vil bli tilpassa krav i IPPC<sup>1</sup>-direktivet og det vil også bli stilt krav til utnytting av vatn og energi. Fleire av aktivitetane er forskriftsregulerte. Merknadar og kommentarar besendt Fylkesmannen innan 31. desember 2014.*

Me syner til e-post frå COWI AS 28. mai 2014 med oppdatering av søknad på vegne av Nortura. Denne er vedlagt.

Det er også lagt ved søknad frå 31. januar 2013 om revidert utsleppsløyve og førespurnad pr. e-post frå Fylkesmannen om oppdatering av søknadsgrunnlaget datert 11. april 2014. Dette har resulterer i den aktuelle søknaden frå Nortura som inneholder oppdatert IPPC-rapport, brev med oppdatering av ei rekke spesifiserte produksjons- og utsleppstilhøve frå m.a. ein tidlegare søknad om auka produksjonsrammer (2008 og 2013) og diverse vedlegg til alt dette.

Fylkesmannen har vurdert innhaldet og gitt tilbakemelding til Nortura i eige brev datert 27. oktober 2014. Brevet blei vedlagt ei vurdering av avlaups mengdene/vassforbruket ved verksemda saman med ei vurdering av IPPC-rapporten. Nortura v/COWI AS ga 6. november 2014 tilbakemelding på dette siste brevet, jf. vedlegg. Utsleppsgrensene i søknaden er dei same som i påsleppsavtalen med kommunen. Det er ikkje fylt ut nytt søknadsskjema, men breva med oppdateringar og tilbakemeldingar frå Nortura inneholder dei aller fleste naudsynte opplysningane. Fylkesmannen meiner derfor

<sup>1</sup> IPPC: Integrated Pollution Prevention and Control

at søknaden kan kunngjera og sendast på høyring saman med dei vedlagte dokumenta. Fylkesmannen har freista å samla flest mogeleg av desse opplysningsane i dette kunngjeringsbrevet.

EUs Rådsdirektiv 91/61 EF<sup>2</sup> om integrert førebygging og avgrensning av forureining (IPPC-direktivet) krev at eksisterande verksemder over ein viss storleik skulle tilpassa drifta til krava i direktivet innan 31. oktober 2007. Det skal då sendast IPPC-rapport til forureiningsstyresmaktene om utførte tiltak eller plan for tilpassing. Alternativt kan plan for tilpassing presenterast i ny søknad om løyve. Nortura (den gang Prior Norge BA) fekk sitt løyve i 2004. Då auken i produksjonsramma for slakt skal auke til 300 % av grensa i gjeldande løyve, vil det bli laga eit nytt løyve og søknaden blir vurdert etter forureiningslova sin § 11. Eit nytt løyve vil erstatta det gamle som blir oppheva.

Slik som førre gang, vil eit nytt løyve bli tilpassa krav i IPPC-direktivet. Slakteriet er eit moderne anlegg der utrustninga i stor grad samsvarar med krava i direktivet. Men Fylkesmannen si vurdering av IPPC-rapporten, jf. vedlegg, syner at det er nokre tilhøve som må arbeidast meir med. Eit løyve vil sette fristar for tilpassing. Eit nytt løyve må også tilpasse utsleppet til kapasiteten ved reinseanlegget på Grødalstrand som IVAR IKS driv.

#### **Innhaldet i søknaden:**

Det blir her gjort kort greie for utsleppet det er søkt om, jf. kapittel 36 –”Behandling av tillatelser etter forurensningsloven”, i ”Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)”, av 1. juli 2004, og innhaldet i dei vedlagte dokumenta elles:

##### Type verksemد:

Næringsmiddelindustri.

##### Lokalisering:

Næringsveien 25 på industriområdet Kviamarka ved Nærbø. Gnr. 18, bnr. 16, parsell 3 og 4 i Hå kommune. Området er regulert til slik industri.

##### Verksemda gjelder:

Anlegg for fjørfeslaktslakt og vidareforedling av fjørfe samt pakking av egg. Nortura ynskjer å auke slaktemengda frå nivået i 2013 på ca. 22 000 tonn til 30 000 tonn og foredlingsmengda frå ca. 2 700 til 6 500 tonn. Mengda egg som blei pakka i 2013 var ca. 13 500 tonn og Nortura søker om 15 000 tonn (retta frå 5 500 tonn i e-post 15. september 2014). Eksisterande rammer i løyvet er 10 500 tonn slakt, 5 500 tonn foredling og 9 500 tonn eggpakking.

##### Brukstid:

Det vil vera produksjon i 16 timer pr. døgn i ca. 250 døgn årleg. Oversikt over vassforbruket syner at det i dag nyttast vatn, m.a. til vasking, i ca. 18 timer. Frå veke 24 skal produksjonen starte 1,5 time tidlegare, noko som då inneber utslepp frå produksjon og vasking over ein 20-timars periode.

##### Utsleppsvolum

Løyvet har ei ramme for avløpsvolum på 400 m<sup>3</sup>/døgn (25 m<sup>3</sup>/t i 16 timer). Pr. i dag ligg gjennomsnittlig forbruk av vatn på ca. 700 m<sup>3</sup>/døgn og maksimalverdien pr. månad er ca. 850 m<sup>3</sup>/døgn. Registreringar av timeforbruk syner at snitt og median vurdert for tidsrommet 08:00 til 18:00, ligg kring 61 m<sup>3</sup>/t, medan dei maksimale verdiane for dette tidsrommet ligger i området 65-70 m<sup>3</sup>/t. Tallet på liter vatn nytta pr. kilo slakt (spesifikt vassforbruk) har gått ned frå ca. 13,3 – 15,1 i åra 2005, 2006 og 2007 til 8,1 i 2013. Fylkesmannen har vurdert forbruket av vatn, jf. vedlegg.

<sup>2</sup> [www.regjeringen.no/nb/dep/ud/dok/regpubl/stprp/19971998/stprp-nr-4-1997-98-.html?regi\\_oss=1&id=294157](http://www.regjeringen.no/nb/dep/ud/dok/regpubl/stprp/19971998/stprp-nr-4-1997-98-.html?regi_oss=1&id=294157)

### Forureiningsproduksjon:

Den mest markante forureininga i avlaupsvatnet er organisk stoff. Til vanleg blir dette målt som oksygenforbruket ved biologisk nedbryting over 5 døgn (BOF<sub>5</sub>). I dette tilfellet ligg den gjennomsnittlige BOF<sub>5</sub>-verdien på 1 500 mg/l i 2013 og nær 1700 mg/l så langt i 2014. Høgaste BOF<sub>5</sub>-konsentrasjon er 2 100 mg/l (juni 2014), og lågaste er 1 200 mg/l (september og november 2013). Kravet i det gamle løyvet er 1 500 mg/l midla over eit døgn (16 timer) og 1 700 mg/l midla over ein time.

Samanlikna med andre verksemder, var utsleppa av feitt relativt låge i 2013. I 2014 er det fleire høge verdiar. Fylkesmannen meiner at det er fare for at utsleppa blir målt på feil stad dersom effekten til feittutskiljaren skal vurderast (jf. vurderingane i Fylkesmannen sitt brev datert 27. oktober 2014), men talet på kilo pr. dag vil bli rett. Utsleppskravet for feitt vil truleg bli letta på og harmonisert med krava til naboverksemder. Utsleppskonsentrasjonane til suspendert stoff er ikkje kjende.

Både i 2013 og nå i 2014 blei det bedt om at Fylkesmannen harmoniserer utsleppsgrensene sine med grensene i påsleppsavtalen med kommunen. Denne har følgjande aktuelle utsleppsgrenser:

Utsleppskomponent	Utsleppsgrenser	
	Gjennomsnitt Midlingstid: Døgn	Maks. Avviksrapporteras Midlingstid: Døgn?
Feitt	175 mg/l	250 mg/l
Temperatur	30 °C	40 °C
pH	6,0 ≤ pH ≤ 9,0	9,5
Organisk stoff [BOF <sub>5</sub> ]	1000 mg/l	1500 mg/l

Slik Fylkesmannen oppfattar søknaden frå Nortura ved COWI AS, blir det nå søkt om utslepp svarende til desse grensene. Dette utgjer dermed ca. 13 300 personekvivalentar (p.e.) basert på utslepp av 800 m<sup>3</sup> avløpsvann pr. døgn og på eit gjennomsnittsinnhald av 1000 mg BOF<sub>5</sub>/liter. Det gamle løyvet gir rom for utslepp av 10 000 p.e. Nortura har ikkje hatt merknader til denne oppfatninga.

For å illustrere dei reelle utsleppa, har Fylkesmannen lagt ved opplysningane om utslepp i 2013 og 2014 motteke 28. mai 2014. Det er også lagt ved oppdaterte utsleppssdata pr. september 2014. I følgje dess oppdaterte gjennomsnittstala frå Nortura, ligg utsleppsnivået i underkant av 18 000 p.e. pr. døgn i 2013 og på ca. 19 500 p.e. så langt i år. Største utsleppet pr. prøveomgang er på ca. 26 000 p.e. (juni 2014), medan minste utslepp er på ca. 14 000 (november 2013).

Avlaupet blir ført til kommunalt nett og bidreg til belastninga på Grødalane reinseanlegg og utslep pa frå dette. I periodar har dette reinseanlegget opp mot 100 % overskriding når det gjeld tilført organisk stoff. Anlegget tek også imot store mengder feitt frå verksemndene på Kviamarka.

Med normale reinhalderutinar er det ikkje venta luktulemper frå Nortura. Lukt kan oppstå i samband med foredling. I eit nytt løyve vil det bli satt rammekrav til utsleppskonsentrasjonar av lukt. Det vil også bli utslepp av avgassar frå brenning av naturgass.

### Kjølevatn:

Verksemda slepp ut ca. 1 m<sup>3</sup>/døgn saman med prosessavlaupet.

### Energitilhøve:

Nortura har auka energibruken jamt, og den vil fortsatt auke i takt med den forventa produksjonsauken. I 2013 blei det nytta nær 11,4 GWh energi. Det meste er forbruk av elektrisk kraft, men om lag 47 % av energibruken kjem frå naturgass og blir produsert i 2 fyringseininger med installert effekt 0,72 og 1,4 MW.

Forureiningslova set krav til effektiv energibruk. Dette inneber etablering av system for energileiing og kontinuerleg arbeid for energioptimalisering. I IPPC-løyver er det aktuelt å krevje utveksling av energi med naboverksemder og samfunnet elles, og å sjå energibruken hjå bedriftene på Kviamarka i ein større samanheng.

#### Støy:

Aktuelle støykjelder er biltrafikk på området og vifteanlegg i samband med kjøling. I eit løyve vil det bli satt støygrenser som er i samsvar med grensene i forureiningsforskrifta sitt kap. 5. I eit løyve vil det også bli satt krav til støy frå kjølemaskineri på kjølebilar.

#### Eksisterande og planlagde reinsetiltak:

Avlaupet frå slakte- og produksjonsprosessane vil bli reinsa i sil og feittutskiljar. Fylkesmannen fekk 6. november ei utgreiing frå 2011 om kapasiteten til feittutskiljaren. Utgreiinga er lagt ved. Det er ikkje sagt noko om fabrikat eller utrustning elles. Fjør vil bli fjerna i eige anlegg. Blod og biprodukt frå slakt vil bli leia til attvinning. Den oppdaterte IPPC-rapporten, jf. vedlegg, syner korleis materialtransporten artar seg.

Avlaupsvatn frå t.d. reingjering av mottaksområde for levande fjørfe passerer ikkje sil eller feittutskiljar. Vatnet passerer ein slamavskiljar av ukjend storleik før det blir leia saman med resten av avlaupsvatnet. Den vedlagte IPPC-rapporten gjer greie for dette og for avlaupsmengdene frå dei ulike greinene.

Slakteavlaupet skal til slutt reinsast i flotasjonsanlegg og i biologisk reinseanlegg på Grødalstrand før utslepp saman med anna reinsa avlaupsvatn. Reinseanlegga er drivne av IVAR IKS.

Det er ikkje planlagt luktfjerning. Utslepp til luft frå fyringsanlegga vil heller ikke bli reinsa, men dersom installert effekt er meir enn 1 MW, vil utsleppskonsentrasjonar og pipehøgd bli bestemt av forureiningsforskrifta si kapittel 27 om reine brensler.

Som IPPC-verksemde skal Nortura, som ein integrert del av drifta, implementere dei best tilgjengelege teknikkane (BAT) som finnест for å kontrollere, førebyggje og avgrense forureiningar. Det er laga IPPC-rapport som skildrar aktuelle tiltak. Fylkesmannen har fleire kommentarar til rapporten, jf. vedlegg. IPPC-krava vil vere sentrale i eit løyve og det kan vere aktuelt at eit løyve konkretiserer forbetingar.

#### Anna:

Det blir årleg nytta ca. 25 tonn kjemikalium til reingjering og desinfeksjon. Slike kjemikalium kan hemme biologiske reinseprosessar og må vurderast i samband med substitusjonsplikta og vaskeplanen til det innleidde vaskefirmaet.

Det blir om lag 120 passeringar av privatbilar på Næringsveien til og frå Nortura sitt anlegg. Tilsvarande tal for vogntog med levande fjørfe, egg og produkt er ca. 50.

#### Fylkesmannen sine merknadar:

Det synast som om Nortura får ei stor oppgåve med å redusere utsleppa ned mot det som det er søkt om. Det kan derfor bli aktuelt med betre reinsing og det vil truleg ikkje bli sett endelige utslepps-grenser før det er klårt kva som kan bli oppnådd med betre reinsing. Fylkesmannen har elles fleire kommentarar til søknadsoppdateringa og desse er sendt Nortura direkte. Brevet, som var vedlagt kommentarar til IPPC-rapporten og til vassforbruk, er lagt ved her som eit vedlegg ved høyringa. Nortura kommenterte dette siste brevet i ein e-post 6. november og la fram fleire opplysningar. Desse dokumenta er også lagt ved her. Ut frå desse kan det sjå ut for at bl.a. vil kapasiteten til

feittutskiljaren truleg måtte gjennomgå ei ny vurdering. Vidare i søknads- og høringsprosessen kan det også skje avklaringar som gjeld tekniske prosessar og rutinar. Om naudsynt vil Fylkesmannen leggja ut opplysningane på nettsidene sine.

Harmonisering av utsleppskrav i løyve og i påsleppsavtale er noko Fylkesmannen har kommentert tidlegare og det er vist til forureiningsforskrifta sin § 15A-4. Der får kommunen heimel til å skjerpa utsleppsnivået som er kravt i eit løyve, men ikkje til å auke det.

### **Offentleg kunngjering:**

Fylkesmannen vil sørge for at søknaden vert kunngjort i Stavanger Aftenblad og Jærbladet. Dette skjer i samsvar med kapittel 36, om behandling av løyver etter forureiningslova, i ”Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)”, av 1. juli 2004. Utgiftene i samband med kunngjeringa skal dekkast av søkjær. Søknaden blir også lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider på <http://www.fylkesmannen.no/rogaland> under miljøvern, høyring.

### **Utlegg til offentleg gjennomsyn:**

Vedlagt er eit eksemplar av søknaden med vedlegg og me ber om at den blir brukt til utleggning. Dokumenta i saka skal leggjast ut til offentleg gjennomsyn i samsvar med sakshandsamingsforskriften § 6, frå den dato kunngjeringa finn stad. Fylkesmannen ber kommunen sørge for at dokumenta vert lagt ut til offentleg gjennomsyn ved Teknisk etat eller ved ein høveleg stad. Det kan også visast til Fylkesmannen sine nettsider der det blir lagt ein kopi saman med vedlegga:

<http://fylkesmannen.no/Rogaland/Hoyringar>

Frist for uttale er sett til **31. desember 2014**. Privatpersonar, råd og interesseorganisasjonar blir oppmøda om tidleg å sende kopi av fråseigner til kommunen og fylkeskommunen.

### **Uttalar - kommunal slutthandsaming:**

Kommunen og fylkeskommunen vert beden om uttale seg til søknaden og eventuelt seinare tilsendte opplysningar og høringsuttaler. Det bes også om at det blir henta inn nødvendig uttale frå kommunale og fylkeskommunale organ i den utstrekning desse finn trond for det. Kommunen sin uttale bør gi opplysningar om eventuelle lokale tilhøve som er mangelfullt utgreidd og om lokale og regionale tilhøve som kan verke inn på avgjerala om løyve.

I tillegg blir kommunen beden om å varsle naboar som saka gjeld, samt eventuelle lokale avdelingar av kjende organisasjonar med særleg interesse i området. Fylkesmannen ynskjer å få tilsendt namn og adresse på dei varsla naboane.

Kopimottakarar og eventuelle råd og interesseorganisasjonar på fylkesnivå eller sentralt nivå, blir varsle av Fylkesmannen ved kopi av dette brevet. Desse instansane bes sende kopi av fråseigner til kommunen og fylkeskommunen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen  
ass. fylkesmiljøvernsjef

Kristian F. Solberg  
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Kristian F. Solberg  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 28  
E-post: fmrokso@fylkesmannen.no

Vedlegg:

- 1-06.11.2014 E-post fra Nortura med svar på Fylkesmannens brev 27.10.2014
- 2-Vedlegg til 1-06.11.2014, Kapasitet på fettavskiller
- 3-Vedlegg til 1-06.11.2014, Påslippsrapport inkl. sept. 2014
- 4- 27. oktober 2014 Fylkesmannens vurdering av søknad om økte produksjonsrammer
- 5-Vedlegg til 4-27. oktober 2014, NOTAT om Vannforbruk Nortura Hå
- 6- Vedlegg til 4-27. oktober 2014, Vurdering av IPPC-forhold pr. 2014 hos Nortura Hå
- 7-28. mai 2014 Oppdatering av data for ny utslippstillatelse
- 8 Vedlegg til 7-28. mai 2014 Oppdatering av data for ny utslippstillatelse - Vedlegg 1 – 7
- 9-Vedlegg til 7-28. mai 2014IPPC-rapport fra november 2007 med oppdateringer pr. mai 2014.
- 10-E-post 11. april 2014 Behov for oppdatering av opplysninger i søknad for Nortura-Kviamarka
- 11-31 januar 2013 melding om behov for revidert utslippstillatelse for Nortura SA avd. Hå

Kopi til:

Cowi AS	Kobberslagerstredet 2.	Kråkerøy	1607	FREDRIKSTAD
NJFF Rogaland v/ K.O. Våg	Postboks 313		4290	
Fiskarlaget Vest	Pb 4091 Dreggen		5835	BERGEN
Naturvernforbundet i Rogaland	Pb 441		4002	STAVANGER
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130		4001	Stavanger
IVAR IKS	Postboks 8134		4069	Stavanger
Nortura BA avd Hå	Næringsveien 25		4365	NÆRBØ
Jæren friluftsråd	Nikkelvn. 4		4313	SANDNES



## FYLKESMANNEN I ROGALAND

Miljøvernavdelingen

### Kunngjering av søknad frå Nortura BA avd. Hå om nytt løyve etter forureiningslova.

Nortura BA avd. Hå i Hå kommune, (bedriftsnummer 973 151 002) søker om løyve til auka produksjon ved anlegget sitt på gnr. 18, bnr. 16 på Kviamarka ved Nærbø i Hå kommune. Eit nytt løyve vil bli tilpassa krav i EUs Rådsdirektiv 91/61 EF1 om integrert førebygging og avgrensing av forureining (IPPC-direktivet), og vil bli vurdert i samsvar med §§ 11 og 16 i ”Lov om vern mot forurensninger og om avfall” av 13. mars 1981 nr. 6.

Det er planlagt ein årleg slaktemengde av fjørfe på 30 000 tonn. Av dette vil 6 500 tonn bli foredra ved anlegget. Det blir planlagt å pakka 15 000 tonn egg.

Det blir søkt om drift 18 - 20 timer i døgnet og 250 døgn i året. Mengda avlaupsvatn vil kunne kome opp i 800 - 900 m<sup>3</sup>/døgn. Avlaupet kjem frå produksjon og reingjering. Den mest markante forureininga i avlaupsvatnet er organisk stoff, og utsleppet er planlagt auka svarande til ca. 13 000 personekvivalentar (pe). Målingar har vist at utsleppa kan kome opp i 26 000 p.e. enkelte døgn. Det er planlagt intern reinsing før avlaupet blir ført til kommunalt nett med utslepp i sjøen ved Grødalstrand etter reinsing i IVAR IKS sitt reinseanlegg. Verksemda kan føre med seg noko lukt og støy. Fylkesmannen sine vurderingar kan lesast av saksdokumenta.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg gjennomsyn hjå Hå kommune. Saksdokumenta ligg også tilgjengelege på Internett: <http://www.fylkesmannen.no/rogaland> under snarvegen «Høyringar» og dei kan sjåast hjå Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelinga.

Uttale kan sendast Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavdelinga, postboks 59, 4001 Stavanger, innan 31. desember 2014. Privatpersonar, råd og interesseorganisasjonar besenda kopi av fråsegner til kommunen og fylkeskommunen.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59 4001 Stavanger	Lagårdsv. 78 Stavanger	51568700 51568811	postmottak@fmro.no Hjemmeside: <a href="http://www.fylkesmannen.no/rogaland">www.fylkesmannen.no/rogaland</a>	Lagårdsv. 80 Postboks 59 4001 Stavanger	51568700 Telefaks: 51568811